

## Forslag til vedtak

### Sak 3 - Regjeringa si fiskeripolitikk

Styret inviterer representantskapet til å fatte slikt vedtak:

Representantskapet i Pelagisk Forening tek statssekretær Kristina Hansen sitt innlegg til orientering.

Representantskapet i Pelagisk Forening ønsker at fiskeri skjer så klimavennleg som mogleg, og at fiskarane skal vera med å bidra i det grønne skiftet. CO<sub>2</sub>-avgifta har auka, og unntaket for fiske i fjerne farvatn har blitt fjerna. Det er positivt at løyvinga til kompensasjon har blitt auka, men det er uvisst om kompensasjonsauken tilsvarar avgiftsaukinga. Det er òg sannsynleg at kompensasjonen vil bli redusert i åra framover. Så lenge det ikkje finst reelle alternativ til diesel for fiskeflåten medfører ikkje CO<sub>2</sub>-avgifta omlegging til anna drivstoff, men til auka utgifter, og svekka konkurranseevne i høve til utanlandske fartøy. Bunkring i utanlandske hamner kan òg føra til fleire landingar i utanlandske hamner. Avgifta vil såleis truge heile verdikjeda, og vil kunne føra til tap av viktige arbeidsplassar langs norskekysten.

Representantskapet meiner at CO<sub>2</sub>-avgifta ikkje tek omsyn til at det ikkje er alternativ til diesel som energibærar for fiskeflåten, og at avgifta difor bør fjernast.

Klimaavgifter kan òg føra til at marginale fiskeri, som òg er hausting av klimavennleg mat, blir ulønnsame, og blir avvikla. Det totale biletet må òg vurderast for klimaavgifter.

Representantskapet meiner at gode fiskeritavtar med nasjonane me deler fiskeressursar med er ein svært god måte å få redusert fiskeflåten sine utslepp av klimagassar.

I Stortinget sitt vedtak av kvotemeldinga blei det mellom anna vedtatt tilbakefall av strukturkvotar. Samstundes blei det bestemt at kvotetaka skal ligge fast. Dei første strukturkvotane går ut alt i 2027, og tilbakefallet frå desse vil medføre overskridelse av kvotetaka. Representantskapet meiner at det hastar med å få avklart korleis tilbakefall skal skje, og korleis problemstillingar knytt til kvotetaka skal handterast.

Representantskapet er tilfreds med at den foreslegne midlertidige driftsordninga vart avist av fiskeriministeren.

Representantskapet er uroa over at Havforskningsinstituttet har fått reduserte løyvingar. Representantskapet meiner at regjeringa bør sikra at forskinga ikkje blir redusert. Auka løyvingar vil bidra til meir presise kvoteråd, redusert sannsynlegheit for overfiske, og på lang sikt optimalt uttak frå bestandane og verdiskaping frå fiskeria.

Usikre tider i verden har ført til at Justis- og Beredskapsdepartementet har laga stortingsmeldinga «Totalberedskapsmeldingen Forberedt på kriser og krig». Representantskapet meiner at norsk fisk burde være ein vesentleg større del av beredskapsplanane for matvareforsyninga i eventuell krise og krig.

Representantskapet meiner at lukkinga av snøkrabbefisket har vore svært kritikkverdig. Hensikta bak lukkingen er forsvunnet. Lukkinga kom for seint i gang og prosessen har gått for sakte. Det vart ikkje satt av nok tverrfaglige ressursar hverken hos direktorat eller i departementet.